

Eit flagg blir til

TEKST: GRO WOLLEBÆK
ILLUSTRASJON: BOLDT

Unionsoppløysingsåret

1814 vart eit vendepunkt i norsk historie. Den dansk-norske unionen gjekk i oppløysing. Noreg fekk si eiga grunnlov på Eidsvoll. Dette feirar vi framleis på 17. mai.

Sjølvstendig flagg





Det norske folket var fornøgd med ny grunnlov. No ville dei også ha eit eige flagg. I 1814 fekk den danske kongen Christian Frederik eit forslag om at det norske flagget skulle vere grønt med eit grått kors i midten. Dette forslaget fekk Fredrik Meltzer stoppa.

Flagget tek form

I 1821 kom Fredrik Meltzer med eit nytt forslag som kong Karl Johan godkjende. Dette flagget vart Noregs nye flagg.

Raudt, kvitt og blått

Fredrik Meltzer valde fargane raudt, kvitt og blått på flagget. Han hadde lært om andre lands kamp for fridom. Frankrikes revolusjon i 1789 vart utkjempa for fridom, likskap og brorskap. USA fekk sjølvstendet sitt og hadde prinsipp om fridom og rettferd. Sjølv Storbritannia, med fortida si, stod for demokrati. Meltzer ville at Noreg også skulle vise desse ideane. Han ønskte at Noreg skulle starte på nytt som eit fritt og sjølvstendig land.



Å høyre til i Skandinavia

I tillegg ville Meltzer ha eit flagg med kors i midten, etter skandinavisk tradisjon. Han meinte at eit raudt flagg med eit kvitt kors ville minne om Danmark, og blåfargen ville vere ei fin helsing til den nye unionen vår med Sverige.

Frå dansk til norsk

Dessutan ville det bli lett for dei som allereie hadde eit dansk flagg og berre sy på eit kors i midten med blått stoff. I gamledagar laga folk flagga sine sjølv, derfor var det viktig at det nye flagget vart lett å sy.

Kongens godkjenning

Etter at Stortinget hadde bestemt seg for Fredrik Meltzers flaggforslag, måtte dei få godkjenning frå kongen. På den tida var Noreg i union med Sverige, så det var den svenske kongen, Karl Johan som hadde det siste ordet. Heldigvis fall flagget i smak hos kongen. Han gav godkjenninga si, og slik fekk Noreg det nye flagget sitt.

Design

Det er ikkje egne reglar for korleis eit flagg skal sjå ut. Valet av fargar, symbol og design er opp til kvart enkelt land. Dei fleste vel likevel fargar eller symbol som har historisk eller kulturell betydning for landet. Det er i tillegg vanleg å velje kryss, striper og stjerner.

Fargar

Raud er den mest brukte fargen, og han blir brukt på 74 prosent av alle nasjonale flagg. Kvitt og blått er også vanlege fargar. Dei kjem på høvesvis andre plass med 71 prosent og tredje plass med 50 prosent av flagga. Lilla er ein av dei minst brukte fargane i nasjonale flagg rundt om i verda.